

Grønt lys for sauefjøs og stall

04.05.2012

Dei 2 planlagde landbruksbygga i dalen har no fått grønt lys i kommunen.

Det gjeld sauefjøs på 336 kvadratmeter for Olav Hjetland Bringedal på Myklebust og kombinert stall og redskapsbod på 81 kvadratmeter for Kjetil Fossheim på Kalvatræ ved Musland,

For begge prosjekt er naboar og gjenbuarar lovleg varsla og det ligg ikkje føre merknadar.

Prosjekta har god utforming i høve til rimelege estetiske omsyn og er i samsvar med nabogrense, andre bygningar, høgspenlinje og veg.

Landbrukskontoret har ingen merknad til plasseringa og den vil ikkje koma i konflikt med freda kulturminne.

Av Ola Matti Mathisen